

Nedreås, 16.03.23.

Alver kommune

v/saksbehandlar Kjartan Medaas

Ref. 23/157-23/18896



Takk for førebels svar på dispensasjonssøknad og for god vegleiing i telefonsamtale !

Eg vil sjølvsagt gjera mitt beste for at de skal få alle dei opplysningar som de treng og som er relevante for ei fyldestgjerande saksbehandling.

### Vedr. meir dokumentasjon i saka.

1. Gjenpart av nabovarsel er vedlagt. Eg kan berre beklage at denne ikkje følgde med søknaden. Eg har ved fleire høve forsøkt å koma i kontakt med naboen ved frammøte, men ikkje lukkast. Etter det eg har forstått har ho flytta og at dei som i korte periodar har nytta huset er leigetakarar. Via kommunen og folkeregisteret har eg fått ei adresse som eg har sendt rec. nabovarsel til. Det rec. brevet har eg fått i retur-. (sjå vedlegg)
2. Det er nok riktig at søknaden blei sendt før fristen for å koma med merknader var ute.
3. Når det gjeld avstand fra merke til bygg på naboeigedom, er dette i utgangspunktet ikkje eit problem verken for heimeishavar eller tiltakshavar. Vi var vel i utgangspunktet opptatt av å ha mest muleg rette grenseliner og har ikkje tenkt over at grenselina var så tett til eit gammalt sommarfjøs. Vedlagt følgjer samtykkeerklæring.
4. Slik eg forsto deg, var det vanskeleg å få fradelt plass til båt i strandsonen. Ditt forslag om bruksrett er ei fullgod løysing for meg. Eg treng ikkje stå som eigar. Om det skulle koma ny grunneigar og eg såleis skulle mista retten til båtplassen som eg har hatt i mange år, riktig nok på foreldra sin eigedom, ville det vera leit. Her er ikkje god havn og to gonger har eg fått skader på båten når den har lagt på sjøen i storm. Og som nemd i tidlegare innsendte søknad verken har det eller vil det bli noko inngrep i naturen eller føre til almenne hindringer i strandsonen i strid med LNF-hensyn.
5. Geologisk vurdering med risiko for ras på garasjeplassen verkar for meg litt underleg og burde vel vore utført før garasjen blei oppført. Rasfaren er vel den samme kven som eig tomten ? Imidlertid synes eg det greit å få gjort slike sikkerhetsvurderingar. Det må vel være i alle si interesse. Dersom nå vurderinga konkluderer med at garasjen skulle stå rasutsett til, kva konsekvenser kan det få ? Kan kommunen trekke tilbake byggeløyve som er gitt ? Pålegget om å få ei geologisk vurdering av området, er både i eiga og almen interesse. Ei slik geologisk erklæring vil ble ettersendt så snart den føreligg.

Vedlegg: 1. Kopi av nabovarsel. 2. Naboerklæring. (Rev. Kart.) 3. Kart.

Med vennleg helsing

John Fykse